

Kandidatnummer: 10012

Ruskriminalitet- utvikling og samanlikning av førekomst i Oslo og Møre og Romsdal frå 2003-2021

PSY2900
Trondheim vår 2023

Forord og eigenerklæring

Denne bacheloroppgåva er en del av bachelorgraden i psykologi ved NTNU i Trondheim.

Arbeidet er utført i perioden januar 2023 til Mai 2023. Denne typen oppgåve er eit sjølvstendig arbeid under veiledning. Litteratursøk er gjort på eigenhand. Ideen var min eigen, men fekk hjelp av veileder til å formulere problemstilling. Grunnen til at akkurat dette temaet vart valt var fordi det er et tema eg brenn for og kan tenke meg i jobbe med i framtida.

Eg vil takke veilederane mine som har hjelpt meg heile vegen og har kome med gode innspel.

Dei har hjelpt meg både med å komme i gang med idear og tema for oppgåva, samtidig har eg fått tilbakemeldingar og gode tips underveis.

Samandrag

Tema for dette prosjektet er ruskriminalitet. SSB er brukt for å hente inn data.

Problemstillingane i denne oppgåva er : 1. Kva er førekomst og utvikling av ruskriminalitet i Oslo og Møre og Romsdal i perioden 2003-2021? Og 2. Kva kjenneteiknar samanhengen mellom utvikling i dei to regionane over tid? Denne oppgåve er registerbasert og metoden er å hente empiri frå register og gjere forskjellige berekningar. Berekningane som vart gjort var prosentforskjell, standardavvik, gjennomsnitt, median og utrekning av differanse.

Hovudfunna i dette prosjektet er at Oslo har meir rusmiddellovbrot per 1000 innbyggjar enn Møre og Romsdal. Dei ligg høgt over i ein lang periode før i dei seinare åra, frå 2013 og fram til 2021, har begynt å nærme seg kvarandre. Eit annet funn er at Møre og Romsdal har vert ganske stabilt over lengre tid medan Oslo har hatt større svingingar. Vi kan også sjå at Oslo er på en ganske bratt nedgang ned frå 2012. Resultata kan gje oss ein indikasjon på at det er meir rusmiddellovbrot i ein storby enn i mindre byer og bygder.

Om vi ser på hendingar som skjer i bygd og by, og hendingar som har skjedd dei ulike åra kan dei vere med å forklare forskjellen. Faktorar som kan spele inn er sosioøkonomisk bakgrunn, psykisk helse, tilgjengelegheit og miljø kan spele inn på kor i landet det er størst førekommst av meldte rusmiddellovbrot kan andre faktorar som for eksempel bemanning i politiet spele inn på kor mykje som blir registrert.

1. Innleiing

Ruskriminalitet er eit kjent problem i samfunnet. Midlar som kjem under omgrepene rusmidlar er alkohol, vanedannande legemidlar, og illegale rusmidlar som er kjent som narkotika (Bramness, 2014). I følge Statistisk sentralbyrå (SSB) går rusmiddellovbrot ut på følgande lovbroter *narkotikalovbrot, doping, ruspåverka køyring og alkohollovovertredelse.* (Statistisk sentralbyrå, 2017). Mange kan bruke rusmidlar utan at det skapar noko problem, men at det heller er assosiert med glede eller lettelse. Sjølv om det ikkje alltid er problematisk er rusmiddelbruk eit folkehelseproblem. Ein kan få ei diagnose ut i frå bruken av rusmidlar. Om ein brukar rusmidlar slik at det fører til helseskade, kallar ein det *skadeleg bruk*. Om ein mistar all kontroll over bruken, utviklar ein toleranse og fortsett bruken på tross av dei negative konsekvensane det medfører, kan ein få diagnosen *rusmiddelavhengighet*. Sjølv den rusmiddelbruken som ikkje blir registrert på eit diagnostisk nivå kan føre til ulike problem helsemessig, juridisk og sosialt (Bramness, 2014). Bruk av rusmidlar kan føre til konsekvensar både for den enkelte og samfunnet. Det kan føre til sosiale, fysiske og psykiske konsekvensar (Nikolaisen, 2018).

«International Classification of Diseases 10th Revision» (10.utg.; ICD-10; verdens helseorganisasjon, 2019) beskriv også skadeleg bruk og avhengigheit. ICD 10 seier kva kjenneteikn som må oppfyllast for å få dei ulike diagnosane. Skadeleg bruk blir i ICD skildra som: «Bruk av psykoaktive stoffer i et mønster som gir helseskade. Skaden kan være somatisk (som i tilfelle av hepatitt som følge av egen administrerte injeksjonar av psykoaktive stoffer), eller psykisk (f eks episodar med depressiv lidelse etter betydeleg alkoholkonsum)» (10.utg.; ICD-10; verdens helseorganisasjon, 2019). ICD beskriv også noko som kallas avhengigkeitssyndrom. Det blir beskrive som en rekke atferdsmessige, kognitive og

fysiologiske fenomen som utviklar seg etter gjentatt stoffbruk. Vanlegvis har brukar eit sterkt ønske om å ta stoffet, vanskar med å kontrollere bruken av den, fortsett bruk til tross for skadelege konsekvensar, stoffbruken får høgare prioritet enn andre aktivitetar og forpliktelsar, økt toleranse og nokon gongar en fysisk abstinenstilstand. Avhengigkeitssyndromet kan dreie seg om et spesifikt psykoaktivt stoff (f. eks tobakk, alkohol eller diazepam), om en gruppe stoff (f eks opiate) eller et breiare spekter av farmakologisk forskjellige psykoaktive stoff (10.utg.; ICD-10; verdens helseorganisasjon, 2019). ICD beskriv også abstinenstilstand for kan førekomme av rus. Denne blir kjenneteikna med «En gruppe symptomer av variabel sammensetning og alvorlighet som oppstår ved absolutt eller relativt opphør av inntak av et psykoaktivt stoff etter vedvarende bruk av stoffet. Abstinenstilstandens start og forløp er tidsbegrenset og avhengig av type psykoaktivt stoff og inntatt dose like før inntaket tok slutt eller ble redusert. Abstinenstilstanden kan ledsages av kramper» (10.utg.; ICD-10; verdens helseorganisasjon, 2019).

Når det gjelder bruk av rusmidlar i Norge, er det tre lovverk som blir sett på som spesielt viktige. Desse er alkoholloven, narkotikaforskriften og legemiddelloven. Under narkotikaforskriften ligg også narkotikalista. Denne lista inneholder alle stoff som er definert som narkotika. Alle stoffa på narkotikalista er forbodet å bruke og besette utan gyldig resept frå lege, og nokon av desse stoffa er tilleggsforbudt etter narkotikaforskriften § 5, noko som i praksis betyr at legen ikkje vil skrive ut dette til en pasient, med unntak av nokon heilt få, spesielle tilfelle. Brot på desse reglane straffast vanlegvis etter Straffeloven § 231-233. det finnест også regelverk mot å være ruspåverka i trafikken. Dette regulerast av vegtrafikklova (RUSinfo, u.å.).

Rusbruk medfører store omkostningar for samfunnet vårt. Det kostar for dem som opplever at bruk av rusmidlar svekker livsmogelegeheter, levestandard og framtidsutsikter. Det kostar for dei pårørande som ligger søvnlause om natta fordi dei ikkje veit kvar barnet deira er. Og det kostar samfunnet økonomisk, i form av redusert effektivitet, tapt arbeidskraft, ressursbruk i helsevesen og kriminalomsorg. En ny rapport Oslo Economics har utarbeida på vegne av Actis, viser at bruk av illegale rusmidlar kostar Norge 35 milliardar kroner årleg. Rusbruk har store konsekvensar for den enkelte og for storsamfunnet (Actis, 2021). På grunn slike store omkostningar ser ein tydeleg at førebygging er nødvendig for samfunnet.

Psykiske vanskår kan føre til økt rusbruk. I nokre tilfelle bli rus brukt som sjølvmedisinering (Blå kors, 2023). Det finst ein del studiar som samanliknar psykiske lidingar/vanskår og kriminalitet. Ein studie viste at cannabis og harde narkotiske stoff hadde ein signifikant samanheng med redusert ansvarlighet (Vinkers et al., 2011). Dette er ein indikator på at psykiske lidingar og ruscriminalitet kan ha ein samanheng. Ensomhet er også tett knytta til psykiske vanskår og rus (Røssberg et al., 2019). Det er også gjort forsking på at alkoholavhengigkeit og avhengigkeit av dop har ein samanheng (National Institute an Alcohol Abuse and Alcoholism, 2008). Som igjen viser kor viktig forbygging av ruscriminalitet er.

I denne oppgåva ønsker eg å sjå nærmare på utviklinga av rusmiddellovbrot over tid i Norge. Eg har deretter valt å spisse inn oppgåva mi til å sjå på forskjellen mellom bygd og by. I denne oppgåva blir rusmiddellovbrot i to ulike fylker samanlikna, og deretter skal mogelege forklaringar på denne forskjellen diskuterast. Fylka som blir samanlikna er eit fylke med ein storby og eit fylke med mindre byer og byder. Ut i frå det kan det vere mogeleg å sjå om der er nokre forskjellar i rusmisbruk på desse to forskjellige plassane.

Grunnen til kvifor det kan vere nyttig å samanlikne bygd og by er for å identifisere spesifikke områder med høg eller lav ruscriminalitet, sjå på mogelege årsaker til dette, som kan gjere det mogeleg å sette i gang målretta tiltak for å redusere ruscriminalitet. Som nemnt tidlegare er ruscriminalitet ein stor omkostning for samfunnet. Derfor er det viktig med forbygging. Ein annan grunn til kvifor det kan vere interessant å sjå på akkurat by og bygd kan vere fordi det har kome fram at det er ein større del opphoping av levekårs problem i byane. For eksempel skil Oslo indre øst seg framleis ut med en relativt sterk konsentrasjon av personar med vansker i forhold til helse, arbeid, økonomi, kriminalitet, miljø og boligstandard (Barstad, 2003). Grunnen til at det vart tatt utgangspunkt i to fylker er fordi det kan vere interessant å sjå om der er nokon forskjellar ut i frå kor i Norge ein bur. I arbeidet med litteraturgjennomgang for denne oppgåva har eg heller ikkje funnet annan litteratur som viser denne typen endring i ruscriminalitet over tid i mellom bygd og by. Derfor kan det vere interessant å sjå nærmare på dette.

Dei to fylka som blir samanlikna er Møre og Romsdal og Oslo. Formålet med denne oppgåva er å beskrive utvikling av ruscriminalitet i Norge i perioden 2003-2021 eksemplifisert med registerdata frå by og land. Dei konkrete problemstillingane er:

- a) Kva er førekomst og utvikling av ruscriminalitet i Oslo og Møre og Romsdal i perioden 2003-2021.
- b) Kva kjenneteiknar samanhengen mellom utvikling i dei to regionane over tid?

Først i denne oppgåva vil eg ta føre meg korleis eg har gått fram for å finne dei ulike dataene og resultata. Deretter vil eg vise resultata eg har kome fram til. I diskusjonsdelen vil problemstillingane bli diskutert ut i frå resultata i resultatdelen. Til slutt vil det vere ein kort konklusjon av funna i dette prosjektet.

2. Metode

2.1 Prosedyre og design

I dette prosjektet er statistisk sentralbyrå sine statistikkar tatt i bruk for å hente empiri til analysen. Statistisk sentralbyrå (SSB) blei oppretta 1. juli 1876. SSB er en fagleg uavhengig institusjon som er ansvarleg for å samle inn, produsere og publisere offisiell statistikk relatert til økonomi, befolkning og samfunn på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. I tillegg har dei ein omfattande forsking- og analyseverksamhet. (SSB, u.å.).

SSB sine meir enn 300 statistikkar teller og måler blant annet befolkningsutvikling, nasjonalregnskap, konsumprisindeks, boligprisar, utvikling på arbeidsmarkedet, klimautslapp, næringsliv og namnetrender. Dei sørger for at innbyggjarane i Norge kan debattere, planlegge og ta slutningar på grunnlag av påliteleg statistisk informasjon. SSB har mange typar brukarar – politikarar, offentlege organ, næringsliv, journalistar, forskarar og studentar. (SSB, u.å.).

Statistikken der variablane er henta frå viser ein oversikt over meldte lovbro i Norge. Statistikken er igjen delt inn i ulike lovbrotsgrupper. Ein av desse gruppene er rusmiddellovbrot, og det er det denne oppgåva har fokus på. Statistikken deler også desse lovbrota inn i ulike fylker, slik at ein kan sjå meldte rusmiddellovbrot i kvert fylke.

Variablane som er henta ut i frå denne statistikken er fylker og meldte rusmiddellovbrot. Frekvensen i statestikken er per 1000 innbyggjarar. Grunnen til at denne frekvensen her er valt er fordi det er ganske stor forskjell i folketal i desse to fylka, og om ein tar per 1000 innbyggjar vil det bli mogleg å samanlikne dei utan å få skeive resultat. Som nemnt tidlegare

definerer statistisk sentralbyrå rusmiddellovbrot med følgande lovbroter *narkotikalovbrot, doping, ruspåverka køyring og alkohollovovertredelse* (Statistisk sentralbyrå, 2017).

2.2 Val av lokasjon for data

I oppgåva vart fylka Møre og Romsdal og Oslo valt. Grunnen til at akkurat desse to fylka vart valt var fordi då vart det mogeleg å samanlikne ein stor by i Norge med eit fylke som har mindre byer og bygder. Det er også andre fylker som har mindre byer og bygder. Men på grunn av fylkessamanslåinga i 2019 så er det Møre og Romsdal som passer best til å samanlikne bygd med by. Dette er fordi dei nesten ikkje vart rørt under fylkessamanslåinga medan for eksempel Sogn og Fjordane, som er ein stad med mange bygder, vart slått saman med Hordaland som har større byar som for eksempel Bergen. I tillegg blir landsgjennomsnittet tatt med for å sjå på dei to fylka opp mot resten av landet. Dette er gjort slik at ein skal kunne sjå om resultata ein får er langt frå resten av landet eller om det er ganske likt. Dette gjer det mogeleg å sjå om tala ein får er høge eller lave i forhold til gjennomsnittet.

Når ein samanliknar Møre og Romsdal og Oslo kan det vere mogeleg å sjå om det er noko forskjell i ruscriminalitet mellom ein stor by og eit fylke med mindre stadar. For å sjå forskjellen mellom desse plassane så er Oslo er storby med 1 064 235 innbyggjarar (Statistisk sentralbyrå, 2023), medan Møre og Romdals største by er Ålesund på 67 520 innbyggjarar (Statistisk sentralbyrå, 2022).

2.4 Etikk/ personvern

For å kunne lage best mogleg statistikk har Statistisk sentralbyrå (SSB) tilgang til opplysningar frå administrative register i offentleg forvaltning. I tillegg har dei tilgang til

opplysningar vi hentar direkte frå næringslivet og privatpersonar. Personvern og informasjonssikkerheit er derfor helt sentralt i SSB. Det er sentralt fordi at du skal kunne vere trygg på at personopplysningane behandlast fortruleg og berre til statistiske formål. SSB behandler personopplysningar etter bestemmingane i bl.a. statistikkloven, personopplysningsloven og personvernforordningen (GDPR) (Statistisk sentralbyrå, u.å.). Dette vil seie at dataen ikkje er kopla opp mot enkeltindivid. Dataen er henta inn på gruppenivå slik at den ikkje er gjenkjennbar og ikkje kan bli spora opp til enkeltindivid.

2.4 Deltakarar

Deltakarane som er med i denne analysen er meldte rusmiddelloverbrot i fylka Møre og Romsdal og Oslo. Perioden der denne statistikken er henta inn er 2003 til og med 2021. Møre og Romsdal er eit fylke som består av 26 kommunar (Stokkan, & Thorsnæs, 2023). Oslo er eit fylke som består berre av ein kommune (Kartverket, 2021).

2.5 Statistikk

Statistikken som er henta ut omhandlar ruscriminalitet i to ulike fylker over tid, frå 2003 til 2021. Grunnen til at denne perioden vart valt var fordi det då ville vere mogeleg å sjå på endring over ein ganske lang periode. Målet med denne statistikken er å sjå om ein finn svar på problemstillinga og i drøftedelen finne ut kva som eventuelt kan vere årsakene til dette funnet. Ut i frå funna er det laga to linjediagram som viser utviklinga i dei to fylka over tid.

Ut i frå den innhenta data har det blitt gjort deskriptiv statistikk og nokre berekningar. Den deskriptive statistikken som er henta ut er gjennomsnitt og standardavvik. I tillegg er det med utrekningar av forholdstal og prosentvise endringar over ulike tidsperiodar. Ut i frå datasettet er det rekna ut standardavvik. Standardavviket måler spreininga i eit datasett. Visst man får eit

høgt tall seier det at det er mange verdiar som er langt frå gjennomsnittet medan om ein får eit mindre tal er alle observasjonane tett på gjennomsnittet.

Gjennomsnitt reknar ein ut ved å legge saman alle verdiane i eit datamateriale og dividerer det med antal observasjonar. Forholdstal er rekna ut i tabellen. For å finne forholdstal må ein dele antal meldte rusmiddellovbrot i Oslo på kor mange meldte rusmiddellovbrot der var i Møre og Romsdal. Dette vart gjort for kvart år slik at ein kan sjå forskjellen på dei for kvart år. Når ein skal sjå på differansen mellom fylka tar ein det høgaste talet minus det minste talet. Då får ein opp forskjellen (differansen) i mellom dei to fylka.

For å sjå på den prosentvise endringa i datasettet må ein først hente ut dei to verdiane ein vil sjekke den prosentvise endringa i mellom. Deretter tar du den nye verdien minus den opprinnelige verdien og deler dette på den opprinnelige verdien. Deretter gangar du det talet med 100%. Visst svaret blir negativt betyr det at det er prosentvis nedgang og er svaret positivt så er det prosentvis auke.

3. Resultat

3.1 Tabell og figur

Tabellen viser meldte rusmiddellovbrot per 1000 innbyggjar i fylka Møre og Romsdal og i Oslo. Tabellen inneholder tal frå 2003 til og med 2021. Det er også lagt til forholdstala til dei to ulike fylka frå kvart år. Nedst i tabellen er der lagt til deskriptiv statistikk. Den deskriptive statistikken som er med er gjennomsnittet og standardavviket til dei to fylka.

Tabell 1

Meldte rusmiddellovbrot per 1000 innbyggjar i fylka Møre og Romsdal og Oslo, og deskriptiv statestikk

Årstal	Fylke		
	Oslo	Møre og Romsdal	Forholdstal mellom fylka
2003	15.1	5.9	2.6
2004	13.4	5.3	2.5
2005	13.3	6.3	2.1
2006	13.5	6.5	2.1
2007	13.0	6.6	2.0
2008	11.2	6.2	1.8
2009	12.4	5.7	2.2
2010	15.7	7.1	2.2
2011	13.1	7.1	1.8
2012	14.4	7.0	2.1
2013	14.2	8.1	1.8
2014	13.1	8.0	1.6
2015	11.7	8.1	1.4
2016	11.2	7.0	1.6
2017	10.8	6.0	1.8
2018	10.1	7.0	1.4
2019	9.4	6.9	1.4
2020	7.8	6.5	1.2
2021	6.2	4.7	1.3
Deskriptiv statestikk			
m	12.1	6.6	
SD	2.4	0.9	


Merknad. Dei høgste verdiane i tabellen er markert med feit skrift. Tall henta frå: Statistisk sentralbyrå. (u.å). Anmeldte lovbroter og ofre. Henta 21. april frå

<https://www.ssb.no/statbank/table/08485>

Linjediagrammet nedanfor viser meldte rusmiddellovbrot per 1000 innbyggjar i Oslo og i Møre og Romsdal frå 2003 til 2021. Landsgjennomsnittet (Norge) er også lagt til i diagrammet for å tydlegare få fram om dei to fylka er nærmre eller langt frå gjennomsnittet til resten av landet.

Figur 1

Meldte rusmiddellovbrot per 1000 innbyggjar i Norge, Oslo, og Møre og Romsdal i perioden 2003 til 2021



Merknad. Tal henta frå: Statistisk sentralbyrå. (u.å). Anmeldte lovbroter og ofre. Henta 21. april frå <https://www.ssb.no/statbank/table/08485>

Når ein leser av statistikken ser ein tydleg at Oslo har meir meldte rusmiddellovbrot enn Møre og Romsdal igjennom alle åra. Ein ser og at Oslo ligg høgare enn Norge igjennom denne perioden. Oslo hadde mest meldte rusmiddellovbrot i 2010 med 15,7 meldte rusmiddellovbrot per 1000 innbyggjar. Om ein ser på Møre og Romsdal hadde dei mest i 2013 og 2015 der meldte lovbroter per 1000 innbyggjar låg på 8,1, som er mykje lågare enn Oslo. Ein ser og at Møre og Romsdal ligg under Norge heile denne perioden.

3.2 Gjennomsnitt

Om ein ser på gjennomsnittet til dei to fylka i denne perioden er gjennomsnittet i meldte lovbro i Oslo 12,1 og gjennomsnittet for Møre og Romsdal er 6,6. Dette vil seie at Oslo har nesten dobbelt så mange meldte rusmiddellovbrot per 1000 innbyggjar enn Møre og Romsdal. Gjennomsnittet til heile landet i denne perioden er 10 meldte rusmiddellovbrot per 1000 innbyggjar. Dette viser at Møre og Romsdal er ganske langt under landsgjennomsnittet medan Oslo er over.

3.3 Trender

Når ein skal sjå på trendane til dei to fylka i linjediagrammet ser ein at Møre og Romsdal er ganske stabile over tid med nokre mindre svingingar. Om ein ser på trenden til Oslo har det vert nokre større svingingar men ein markant nedgang sidan 2012. Om ein ser på heile landet har den også vert ganske stabil slik som Møre og Romsdal, men sidan 2013 har det vert nedgang i heile landet. Linjediagrammet viser oss også at land og bygd begynner å nærme seg kvarandre og at forskjellane ikkje er liksom store lenger. Om ein ser på linjediagrammet har alle grafane gått bratt ned etter 2019 og fram til 2021.

3.4 Spreiing i datasettet

Om ein reknar ut standardavviket til meldte lovbro i Oslo so blir det 2.4 og er eit relativt høgt tal. Dette ser ein ved at det er mange verdiar som er langt frå gjennomsnittet. Om ein ser på standardavviket til meldte lovbro i Møre og Romsdal så er det 0.9 og er eit litt mindre tal. Dette vil seie at det er mindre spreiing i dette datasettet og det kan man sjå ved at verdiane ikkje er so langt frå gjennomsnittet. Standardavvik til heile landet er 1.6 som vil seie at det er lite spreiing i datasettet.

3.5 Forholdstal

I 2003 kan ein sjå at forskjellen mellom dei to fylka var størst. Då låg Møre og Romsdal på 5,9 meldte lovbro per 1000 innbyggjar og Oslo på 15,1. Forholdet mellom dei var 2,6 som vil sei at det var 2,6 gongar så mange meldte rusmiddelloverbrot per 1000 innbyggjar i Oslo enn i Møre og Romsdal. Dette seier at Oslo har 156% fleire meldte lovbro per 1000 innbyggjar enn i Møre og Romsdal dette året. I 2020 var forskjellen minst. Då hadde Møre og Romsdal 6,5 meldte lovbro per 1000 innbyggjar, medan Oslo hadde 7,8. Forholdet var då 1,2 som fortel oss at det var 1,2 gongar fleire meldte rusmiddelloverbrot i Oslo. Den forskjellen fortel oss at Oslo hadde 20% meir lovbro per 1000 innbyggjar enn Møre og Romsdal dette året.

3.6 Differanse

For å sjå om fylka var langt frå landsgjennomsnittet kan ein også samanlikne dei to fylka med landet. I 2004 var forskjellen i mellom Møre og Romsdal og Norge størst. Då låg Møre og Romsdal på 5.3 og Norge på 10.5. Det vil seie at det var differansen var på 5.2. Her ser vi at det er nesten dobbelt so mange lovbro i Norge enn i Møre og Romsdal. Om ein reknar ut endringa i prosent ser vi at Norge har 98% fleire rusmiddelloverbrot enn Møre og Romsdal dette året. Det årstalet der Møre og Romsdal og Norge låg nærmast var i 2020 og 2021, der differansen var heilt lik desse åra. Då låg differansen på 0.9 meldte lovbro per 1000 innbyggjar. Dette er ein liten endring som tilsvara at Norge har 14% fleire lovbro desse åra.

Ein kan også sjå på samanlikne Norge og Oslo. Der var det størst forskjell i 2003. Då hadde Oslo 15.1 meldte rusmiddelloverbrot per 1000 innbyggjar, medan Norge hadde 10.4. Då var differansen på 4.7 meldte rusmiddelloverbrot per 1000 innbyggjar. Dette seier at Oslo har 45% fleire meldte rusmiddelloverbrot enn Norge i 2003. Forskjellen mellom Oslo og Norge var

minst i 2020. Differansen mellom dei var då 0.4. Dette er en ganske liten forskjell og seier at Oslo har 5% fleire rusmiddellovbrot per 1000 innbyggjar enn Norge dette året.

3.7 Prosentvis endring

Ut i frå dei innhenta tala kan ein også sjå på prosentvis endring. Oslo har hatt ein nedgang frå 2003 til 2021. Nedgangen låg på 60% i denne perioden. Ein kan også sjå ut i frå linjediagrammet at Oslo har nokre knekkpunkt med bratt stigning og nedgang. Ein ser at frå 2008 til 2010 har det vert stor auke. Då var auka på 40%. Frå 2010 til 2011 var det ein bratt nedgang på 17%. Om ein ser på Møre og Romsdal sin prosentvise endring frå 2003 til 2021 var den på 20% nedgang. Om ein ser på linjediagrammet hadde ikkje dette fylke i denne perioden nokre spesielle knekkpunkt der det var bratt stigning eller nedgang. Vidare kan ein sjå på den prosentvise nedgangen til Norge og den låg på 46% nedgang. Norge hadde heller ikkje nokre spesielle knekkpunkt med store endringar.

3.8 Hovudfunn

Ut i frå desse statistikkane kan ein sjå at Oslo har meir meldte rusmiddellovbrot per 1000 innbyggjar enn Møre og Romsdal. Ein kan sjå at Oslo ligg over Møre og Romsdal heile vegen men det har vert en enorm nedgang i Oslo over tid som gjer at dei to fylka begynner å nærme seg kvarandre. I Møre og Romsdal har det vert stabilt over tid men har hatt en bratt nedgang frå 2020. Denne bratte nedgangen i 2020 kan ein også sjå på grafen til Oslo og på grafen til heile landet.

4. Diskusjon

4.1 Førekomst og utvikling av ruskriminalitet i Oslo og Møre og Romsdal i perioden 2003-2021

Hovudfunna i dette prosjektet er at Oslo har meir rusmiddellovvbrot per 1000 innbyggjar enn Møre og Romsdal. Dei ligg høgt over i ein ganske lang periode før i dei seinare åra, frå 2013 og fram til 2021, har begynt å nærme seg kvarandre. Eit anna interessant funn er at Møre og Romsdal har vert ganske stabilt over lengre tid medan Oslo har hatt større svingingar. Vi kan også sjå at Oslo er på en ganske bratt nedgang ned frå 2012. Desse resultata kan gje oss ein indikasjon på at det er meir rusmiddellovvbrot i ein storby enn i mindre byer og bygder. Det kan vere ulike grunnar til det.

4.2 Samanhengen mellom utvikling i dei to fylka over tid

Ein mogeleg faktor som kan spele inn på rusmiddellovvbrot kan vere tilgjengelegheit. Tilgang til rusmidlar er en forutsetning for å utvikle en rusmiddellidningar. Tilgjengelegheit og pris er viktige faktorar som har stor betydning for kor mange som bruker rusmidlar i befolkninga og kor mykje dei brukar (Bramness, 2022).

Om det er slik at det er lettare å få tak i rusmidlar i ein storby kan det føre til at fleire begynner med det. Det kan og føre til at det er lettare for dei som har lyst å eksperimentere og teste ut dop får lettare tak i det og kan bli avhengige. Det kan også føre til at dei som helde på med det ikkje synst det er vanskeleg å få tak i slik at dei ikkje tenker at dette er eit «problem» slik at dei fortsett med det utan å tenke på at det har konsekvensar. På stadar med store miljø for narkotika kan det tenke seg at det blir større gruppepress for å teste ut og drive med rus. Ein kan tenke seg om alle i ein vennegjeng held på med det so er det lett å bli lokka sjølv og bruke det i ein redsel for å bli utestengt.

En rapport frå Folkehelseinstituttet frå 2015 viser at førekomsten av ruslidingar er opptil 10 gangar høgare blant pasientar med alvorleg psykisk liding samanlikna med den generelle befolkninga. Psykiske vanskar kan føre til økt rus bruk. Det kan bli brukt som en form for sjølvmedisinering (Blå kors, 2023). Om ein har lett tilgang til rus kan det vere tenkeleg at det er lettare for dei som slit psykisk å ty til rus som ei «løysing» på dei psykiske problema sine. Enssomhet er tett knytt til psykiske lidingar, somatisk sjukdom, rus bruk og sjølvmord (Røssberg et al., 2019). En undersøking viste at ved 21 års alder hadde 211 personar (10,7 %) vært avholdende frå alkohol gjennom hele livet. På dette stadiet var avhold forbundet med svake vennenettverk, ensomhet og økt sannsynlegheit for ikkje å ha debutert seksuelt (Ertsås, 2013). Dette kan vise litt av presset det er blant ungdom for å drikke alkohol og at dei som ikkje drikke har større sannsynlegheit for å bli einsame.

Alkohol er det rusmiddelet som er mest studert i samanheng med vald. Det finnes en lang rekke studiar som har belyst samanhengen mellom alkohol og vald, og en klar samanheng er påvist med ulike forskingsdesign og typar av data. Eksperimentelle studiar har vist at forsøkspersonar er meir tilbøyelige til å reagere aggressivt på provokasjonar når dei er alkoholpåverka enn når de ikkje er det, og at aggressive reaksjonar førekjem i aukande grad med aukande promille (Rossow, 2010). I ein by med fleire utestader og offentlege plassar å vere på kan valdshendingar som skjer i rusa tilstand vere fleire. Oslo by aleine har 1000 utestader med skjenkeløyve (Lampe, 2022) medan Møre og Romsdal sin største by, Ålesund, berre har 11 i følge Bypatrioten (Bypatrioten, u.å). Det kan då vere tenkeleg at på ein plass med mindre utestader kan det oppstå fleire heimefestar som gjer det lettare å skjule ruskriminalitet. Det kan og skje visst ein bur avsides at heimefest blir meir populært. Om ein bur ganske langt frå byen kan det vere vanskeleg for dei politipatruljane som har ansvar for

store områder å fange opp alt som forgår. I ei lita bygd er det også mindre kollektivtransport som kan gjøre heimefestar enda meir populært då ein kanskje ikkje har mogelegheita til å komme seg heim igjen om ein skal ut i byen. I ein by der mange forskjellige folk samlast kan ueinighetene også vere større. I byen er det også fleire politi som kan fanga opp slik oppførsel medan på mindre stadar er det færre politi og politiet har ofte større områder dei har ansvar for (Politiet, u.å).

Sosioøkonomiske problem kan også spele inn på ruskriminalitet. Det er en tendens til opphoping av levekårsproblem i dei store byane. Samanlikna med spredbygde strøk er det en klart større andel personar i storbyområda som har problem på minst to eller tre levekårsområde samtidig. Oslo indre øst skil seg framleis ut med en relativt sterk konsentrasjon av personar med vanskeligheter i forhold til helse, arbeid, økonomi, kriminalitet, miljø og boligstandard. Det er også klare tendensar til hoping av levekårsproblem i andre deler av storbyregionene. Av de større bydelane er det sentrumsbydelane i Stavanger og Kristiansand samt nokon drabantbyer i Oslo og Trondheim som peikar seg ut. Det er berre blant personar med lav eller middels utdanning det er en tendens til sterke opphoping av levekårsproblemer jo meir urbanisert bostedet er (Barstad, 2003).

Dette kan fortelle oss at sosioøkonomiske forhold kan spele inn. Økonomi kan spele inn ved at ein kanskje ikkje har råd til det «alle andre» har råd til. Langs og narkotika-forbrytelsar er ofte raske pengar, om ein er i ein situasjon der ein vil ha pengar raskt som fører til at dette kan vere ei løysing for somme. Dette kan vere ein annan mogeleg forklaring på korleis ein kan ende opp i eit slikt miljø. Dårleg boligstandard kan føre til stress og andre helseproblem som kan gjøre det vanskelegare for nokre å komme seg i jobb eller på skulen. Dette kan føre til at

nokre kan føle seg ekskludert frå samfunnet og føle at dei ikkje har noko anna valg enn å ty til kriminalitet og i nokre tilfeller ruskriminalitet.

Belastningar i livet og forhold i miljøet gjer en sårbar for både psykisk liding og rusproblem (Blå kors, 2023). Om ein har vanskeligheter med helse, arbeid, økonomi, kriminalitet, miljø og boligstandard, kan dette vere ein belastning for mange. Dette kan da føre til at dei som har slike utfordringar tyr til rus. Som nemnt ovanfor var slike problem kjent i store byar, som igjen kan seie noko om kvifor der er større antal rusmiddellovbrot i byen.

Det er også forskjell i press for dei som har vekst opp i byen og dei som har vekst opp på bygda. Dei økonomiske forskjellane er tydelege, spesielt de som har vekst opp i Oslo kjenner på dette. Merkekledde, dyre vaner og «flashing» av velstand skaper press på unge som ikkje har så mange midlar. Karakterpresset synes også å være hardare i store byer enn på bygda (vfb, 2021). Dette presset som fram står som større i byane kan da vere en faktor til økt rusbruk eller økt eksperimentering som kan føre til avhengigheit. Å ikkje ha råd til det andre har råd til kan og skape eit press på å tene raske pengar som kan vere via rus. Stress og press frå skule kan forårsake psykiske plager som også er kopla opp mot rus. Dette kan også vere ein årsak til at det er ein del større meldte rusmiddellovbrot i Oslo enn i Møre og Romsdal.

Barn av alkoholikarar har opptil 50% større risiko for sjølv å få problem med alkohol. En ny svensk studie avslører meir om denne samanhengen mellom alkohol og barn av alkoholikarar. Studien har med 58 personar, nokon av dei hadde familiemedlemmer med alkoholproblem. Forsøkspersonane blei satt i situasjonar som var stressande for dei, og fekk deretter drikke alkohol eller placebo i en forbrukertest. Resultatet viser at forsøkspersonar med foreldre som misbruker alkohol drikker meir alkohol enn andre når de utsettast for stress, seier forskar

Anna Söderpalm-Gordh fra Sahlgrenska akademien i en pressemelding. Slik åtferd kan få negative konsekvensar på sikt. Personar som drikker større mengder alkohol ved enkeltilfellet har ein høgare risiko for seinare å utvikle et problem (Forskning, 2011).

Om elevar er under stort press og er i mange stressane situasjonar kan dette føre til at dei tør til rus som ei løysing på problemet. Om ein drikk alkohol etter ein er 18 år er ikkje dette noko lovbro, men om det er elevar som er under 18 år er ikkje det etter norsk lov lovleg. Slik som forskinga ovanfor viste kan personar som drikker store mengder alkohol ved enkeltilfelle ha ein høgare risiko for å utvikle eit problem enn dei som ikkje gjer det.

Eit forskingsprosjekt viste at alkoholavhengigkeit og rusavhengigkeit ofte gjekk hand i hand. Forsking viste at personar som var avhengig av alkohol har ein mykje større sannsynlegheit enn dei andre i befolkninga til å bruke dop. I tillegg viste det seg at folk som er avhengig av dop har mykje større sannsynlegheit til å drikke alkohol. Pasientar med samtidig forekommande alkohol- og andre rusforstyrrelsar vil sannsynlegvis også ha meir alvorlege avhengighetsrelaterte problemer enn dei utan kombinerte lidelsar - det vil si at dei oppfyller et høgare antal diagnostiske kriteria for kvar liding (tre av sju kriteria krevast for å møte diagnosen avhengigkeit) (National Institute an Alcohol Abuse and Alcoholism, 2008).

Personar med samtidige alkohol- og andre rusforstyrringar har større sannsynlegheit for å ha psykiatriske lidingar som personlighet, humør og angstlidingar; det er meir sannsynleg at dei har sjølvmorsforsøk og lid av helseproblem. Personar som bruker både alkohol og narkotika er også utsatt for farlege interaksjonar mellom disse stoffa. For eksempel har en person som bruker alkohol sammen med benzodiazepiner, enten disse medikamenta er foreskrevet eller tatt ulovleg, økt risiko for dødeleg forgifting (National Institute an Alcohol Abuse and

Alcoholism, 2008). Dette viser da kor farleg det kan vere å bli avhengig av alkohol i ung alder. Det kan føre til at sannsynligheten for at dei begynner med dop går opp. Om elevar i skulen begynner med alkohol på grunn av stress vil det då auke deira sannsynlighet for å begynne med dop. Dette vil da kanskje forklare kvifor det er meir rusmiddellovvbrot i byar med meir stress på skulane, enn på bygda der det er mindre stress på skulen.

Slik som nemnt tidlegare har ensomhet, rus og psykisk helse ein samanheng (Røssberg et al., 2019). Dei som er mest einsame i Norge er personar med dårlig helse eller manglande yrkestilknyting. I tillegg er ensomhet meir utbredt i grupper med lav utdanning samanlikna med andre utdanningsgrupper (Thorsen, & Clausen, 2009). Som nemnt ovanfor har desse faktorane større opphoping i storbyane (Barstad, 2003). Dette kan også forklare at ensomheten i desse bydelane kan påverke ruscriminaliteten. Det kan også vere ein mogleg forklaring på kvifor ruscriminaliteten er høgare i Oslo enn i Møre og Romsdal.

4.3 Topper og avvik

Om ein ser på linjediagrammet har både Oslo og Møre og Romsdal gått bratt ned under korona-pandemien. På grunn av restriksjonane og at ein kunne møte mindre folk kan det vere tenkeleg at mindre rusmiddellovvbrot hendte. Men det kan også vere tenkeleg at mindre rusmiddellovvbrot vart oppdaga på grunn av at folk holdt seg meir heime. Men ein kan ikkje med sikkerheit seie at det er korona som spela inn på denne nedgangen fordi vi har ikkje data for dei neste åra som er utan korona. Men det kan vere spennande å sjå på i vidare forsking.

Ein annan interessant observasjon var toppen i Oslo i 2010. Ein ser at resten av landet, inkludert Møre og Romsdal, ikkje hadde ein slik topp dette året. Det kom ein stortingsmelding

det året, St. Meld. 7, kampen mot organisert kriminalitet- en felles innsats (Regjeringen, 2010). Der kom det ein analyse frå politiet frå mai 2009 med informasjon om kva utfordringar politiet sto ovanfor og kva politidirektoratet meinte var prioriterte nasjonale innsatsområder/retninger. Prioritetane var : En helhetlig narkotikainnssats med særlig vekt på kokainomsetting, førebygging og bekjempelse av kriminelle gjengar, innsats mot vinningskriminalitet med særlig fokus på helerne, avdekking av bakmennene i menneskehandel og menneskesmugling og avdekking av hvitvasking og utbytte – inndragning fra straffbare handlinger (Regjeringen, 2010). Her ser ein tydleg at ruskriminalitet er ein prioritet å fange opp. Denne forbygginga kan vere grunnen til at vi i 2010 såg ein slik topp. Dette kan vere fordi politiet har prioritert slik type kriminalitet som har ført til at meir av ruskriminaliteten har blitt fanga opp, som gjer at tala på meldte rusmiddellovbrot går opp.

4.4 Styrker og svakheiter

Mogelege feilkjelder som kan dukke opp i dette type design er at ikkje alle lovbroter som skjer blir oppdaga eller meldt inn. Dette kan føre til at ikkje alle rusmiddellovbrot som skjer blir registeret. Det kan også vere tenkeleg at fleire lovbroter blir registeret i ein storby der det er meir politi, enn på ein liten plass der det er langt i mellom kvar bygd som politiet har ansvar for. Om ein ser på statistikken over bemanning av politi i dei ulike fylka, ser ein at Oslo har ein mykje større del ansette enn i Møre og Romsdal (Politiet, u.å). Det kan og vere tenkeleg at i ein storby med mykje narkotika er det større fokus på å bekjempe denne typen kriminalitet. Dette kan føre til at dei fangar opp fleire lovbroter som igjen kan gjere at antal registrerte lovbroter blir høgare.

Ein annan svakheit kan vere at ikkje alle fylka i Norge vart samanlikna. Det hadde kanskje blitt eit sterkare resultat om det var ein slik forskjell mellom andre norske byar og bygder. Om

det er tilgjengeleg data for det kan det vere eit forslag å samanlikne ulike store byer og mindre bygder, om ein skulle ha gjort eit nytt prosjekt eller til vidare forsking. Det kunne og ha vert nyttig å samanlikna alle fylka i Norge for å sjå om trenden variera ut i frå kvar i landet ein er lokalisert. Noko anna ein kunne ha sett nærmare på ved vidare forsking er undersøkingar som viser kor mykje ulovlege narkotiske stoff som blir brukt, opp mot kor mange rusmiddellovbrot som blir registeret.

5. Konklusjon

Det kjem klart fram at meldte rusmiddellovbrot per 1000 innbyggjar i Oslo er mykje høgare enn i Møre og Romsdal. Sjølv om forskjellen har svinga i løpet av denne perioden har det heile vegen vert ein tydeleg forskjell frå 2003 til og med 2021. Frå og med 2012 har Oslo hatt en markant nedgang og ein kan sjå på grafen at bygd og by har begynt å nærme seg og forskjellen er ikkje like stor lenger som i 2003. Dette kan tyde på at forskjellen i ruskriminelitet mellom by og bygd begynner å likne seg ut. Sjølv om mange faktorar som sosioøkonomisk bakgrunn, psykisk helse, tilgjengeleghet og miljø kan spele inn på kor i landet det er størst førekommst av meldte rusmiddellovbrot kan andre faktorar som for eksempel bemanning i politiet spele inn på kor mykje som blir registrert. Vidare forsking bør samanlikne fleire byer og bygder opp mot kvarandre for å sjå om dette er ein trend i alle byer og bygder eller om det berre gjeld for akkurat dette tilfelle.

Referanseliste:

Actis. (2021, 15. februar). *Den store verdien av forebygging*. Henta 27. april 2023 frå <https://actis.no/actis-mener/samfunnsaktuelt/den-store-verdien-av-forebygging>

Barstad, A. (2003). *Levekår i storbyene : noen bydeler er særlig utsatte*. Henta 12. mai 2023 frå <https://core.ac.uk/download/pdf/249951406.pdf>

Blå kors. (2023, 21 april). *Rus og psykisk helse*. Henta 28. april 2023 frå https://www.blakors.no/fagside/rus-og-psykisk-helse/?_gl=1*apuwgf*_up*MQ..*_ga*MTY1MDkzODEwOS4xNjgyNTE4NTI1*_ga_C67V53L0Y5*MTY4MjUxODUyNC4xLjEuMTY4MjUxODYwMS4wLjAuMA..#hsammenheng-mellom-rus-og-psykisk-helse

Bramness, J. (2014, 30. juni). *Rusmiddellidelser i Norge*. Folkehelseinstituttet. Henta 15. mars 2023 frå <https://www.fhi.no/nettpub/hin/psykisk-helse/rusmiddellidelser/>

Bramness, J. G. (2022). *Rusmiddellidelser i Norge*. Folkehelseinstituttet. Henta 21. april 2023 frå <https://www.fhi.no/nettpub/hin/psykisk-helse/rusmiddellidelser/>

Bypatrioten. (u.å). *Uteliv og scener i Ålesund*. Henta 23. april 2023 frå <https://bypatrioten.com/opplev-alesund/uteliv-og-scener-i-alesund/>

Ertsås, Olav. (2013). *Unge avholdsfolk har minst sex og er ensomme*. Studenttorget. Henta 23. april 2023 frå <https://studenttorget.no/index.php?show=4940&expand=3797,4940&artikelid=11742>

Forskning. (2011). *Stress gjør at noen drikker mer*. Henta 11. mai 2023 frå <https://forskning.no/alkohol-og-narkotika-stress/stress-gjor-at-noen-drikker-mer/1148768>

Kartverket. (2021). *Norske fylke og kommunar*. Henta 12. mai 2023 frå <https://www.kartverket.no/til-lands/fakta-om-norge/norske-fylke-og-kommunar>

Lampe, V. (2022). *Oslo har alt for mange barer, og de er alt for dyre*. Vartoslo. Henta 23. april 2023 frå <https://vartoslo.no/oslo-utesteder/oslo-har-alt-for-mange-barer-og-de-er-alt-for-dyre/364832>

National Institute an Alcohol Abuse and Alcoholism. (2008). *ALCOHOL ALERT*. Henta 12. mai 2023 frå <https://pubs.niaaa.nih.gov/publications/aa76/aa76.htm>

Nikolaisen, H. (2018, 13.november). *Hvilke konsekvenser kan rusmisbruk ha for den enkelte og samfunnet?*. Henta 15. mars 2023 frå <https://ndla.no/nb/subject:1:56ea35da-73d9-431f-a451-19f24f564f59/topic:1:5851b59b-7814-4724-bc84-192e1d2b5eca/topic:1:0a053545-434f-4ef3-b237-63d14ac0e794/resource:1:165453>

Politiet. (u.å). *Bemanningsstatistikk*. Henta 22. april 2023 frå <https://www.politiet.no/om-politiet/tall-og-fakta/bemanning/>

Regjeringen. (2010). *Meld. St. 7 (2010–2011)*. Henta 27. april 2023 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-7-20102011/id629113/?ch=3>

Rossow, I. (2010). *Rusmidler og vold (2010)*. Forebygging. Henta 12. april 2023 frå <http://www.forebygging.no/Artikler/2011-2008/Rusmilder-og-vold/>

RUSinfo. (u.å.). *Rus-lover i Norge*. Henta 26. april 2023 frå <https://rusinfo.no/2017/02/rus-lover-norge/>

Røssberg, J. I., Rødevand, L., Clausen, T., Andreassen, O. (2019). *Ensomhet: Den glemte faktor i psykisk helsearbeid?*. Henta 28. april 2023 frå <https://www.med.uio.no/om/aktuelt/blogg/2019/ensomhet.html>

Statistisk sentralbyrå, (2017, Januar). *Standard for lovbruddstyper*. Henta 16. mars 2023 frå <https://www.ssb.no/klass/klassifikasjoner/146>

Statistisk sentralbyrå. (2022). *Befolknig*. Henta 12. april frå <https://www.ssb.no/kommuneareal/alesund>

Statistisk sentralbyrå. (2023, 5. januar). *De 10 største byene, tettstedene og kommunene i Norge*. Henta 12. april frå <https://www.ssb.no/befolkning/folketall/artikler/de-største-byene-og-tettstedene-i-norge>

Statistisk sentralbyrå. (u.å.). *Personvern*. Henta 13. april 2023 frå <https://www.ssb.no/omssb/personvern>

Statistisk sentralbyrå. (u.å.). Anmeldte lovbroter og ofre. Henta 21. april 2023 frå <https://www.ssb.no/statbank/table/08485>

Statistisk sentralbyrå. (u.å.). *SSBs virksomhet*. Henta 12. mai 2023 frå <https://www.ssb.no/omssb/ssbs-virksomhet>


Statistisk sentralbyrå. (u.å.). *Tall som forteller*. Henta 12. mai 2023 frå <https://www.ssb.no/omssb/ssbs-virksomhet/tall-som-forteller>

Stokkan, J., Thorsnæs, G. (2023). *Møre og Romsdal*. Store norske leksikon. Henta 12. mai 2023 frå https://snl.no/Møre_og_Romsdal

Thorsen, K., Clausen, S.E. (2009). *Hvem er de ensomme?* Statistisk sentralbyrå. Henta 11. mai 2023 frå <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/hvem-er-de-ensomme>

Verdens helseorganisasjon. (2019). *International Classification of Diseases* (10. utg.). Direktoratet for e-helse. Henta 27. april 2023 frå <https://finnkode.ehelse.no/#icd10/0/0/0/2596289>

Vinkers, D. J., Beurs, E., Barendregt, M., Rinne, T., Hoek, H.W.(2011). *The relationship between mental disorders and different types of crime.* <https://doi.org/10.1002/cbm.819>
Voksne for barn. (2021). *Bygd eller by*. Henta 10. mai 2023 frå <https://vfb.no/vart-arbeid/arkiv/bygd-eller-by/>



NTNU

Kunnskap for ei betre verd